

# Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr  
2017703Oppdragsnr  
2017021

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Bustølvegen 80	24	46	0	0	ENGESBAK AUDUN LERØY (Hjemmelshaver)

## Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvikla:	Dato	Kl	Stad
	31.05.2017	09.30	På parsellen

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

Grunneigedom     Festegrund     Anleggseigedom     Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

Grensejustering     Klarlegging av eksisterande grense     Nymerking av eksisterande grense     Registrering av ureg. jordsameige     Matrikulering av umatrikulert grunn

Arealoverføring     Anna

Forklaring  
Arealoverføring av omlag 340 m2 frå 24/46 til 24/72.

Saks- behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
	05.04.2017		
Rekvirent ENGESBAK AUDUN LERØY			Rekvisjonsdato 03.03.2017

## Habilitet

Landmålaren sitt namn  
Per Atle Sæle

Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.

Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga?     Nei     Ja (jfr. vedlegg)

## Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt framfmøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

## Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

**Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.**

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
72-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke	Godkjent		
72-2	Umerket Nedsatt i:		Godkjent		
72-3	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt	Godkjent		
72-A	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Eksist. grense nedsatt på nytt	Godkjent		
72-B	Umerket Nedsatt i:				
72-C	Umerket Nedsatt i:				
72-D	Annen detalj Nedsatt i:				
72-E	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
72-F	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i:				
46-1	Gjerdestolpe Nedsatt i:	Gjenfunnet og nymålt	Godkjent		
46-2	Gjerdestolpe Nedsatt i:	Gjenfunnet og nymålt	Godkjent		

## Oppsummering og fråsegn frå landmålaren

Landmålaren vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 05.04.2017 godkjent arealoverføring av omlag 340 m2 frå gnr 24 bnr 46 til gnr 24 bnr 72, administrativt vedtak saknr: 92/2017.

Oppmålingsforretning vart halde 31.05.2017. Ved forretninga møtte Asbjørn Engesbak for 24/46 og 24/72, Hillgunn Io for 24/53, Alf Nilsen for 24/66 og Jorun Espetvedt for 24/3. I tillegg til dei fram møtte var også eigarar av 24/49 og eigar av 24/46 varsla, men møtte ikkje.

Yttergrensene til 24/46 vart først gått opp. Gamal kross i fjell på haugen i grensa mot 24/49, 24/66 og 24/53 vart påvist, grensepunkt 72-3. Asbjørn Engesbak påviste vidare ein gamal gjerdestolpe som han meinte var det sør-austre hjørna på 24/46, grensepunkt 46-2. Her var det opprinneleg hogd ein kross i steingjerde, men denne forsvann i samband med opparbeiding av brønn. I skyldskiftet for 24/53 er det oppgitt ei lengd på 37,2m medan det i skyldskiftet for 24/46 står 42,4m. Horisontal avstand mellom dei to punkta er målt til 41,71 m. Sidan det i skyldskiftet til 24/53 står at grensa startar i "parsellen sitt austre hjørna i tidlegare hoggen kross i jordfast stein i grensa til bnr 46," legg kommunen til grunn at 24/46 og 24/53 har felles grense på heile den søndre grenselina til 24/46 sjølv om det er ulikt mål i skylddeling. Både eigar av 24/46 og 24/53 har oppfatta denne grenselina som felles grense.

Asbjørn Engesbak påviste også gamal gjerdestolpe i 24/46 sitt nordaustre hjørne, grensepunkt 46-1. Her skal det vera hogd kross i fjell, men denne vart ikkje funne. Det er også vist til denne gjerdestolpen som retning for grensa når 24/72 vart oppmålt i 1987. I 1987 vart det også sett ned nytt grensemerke i fjell i nordvestre hjørne av 24/46, men dette merket var vekke. Her vart sett ned nytt grensemerke ved hjørne av mur, grensepunkt 72-A. Engesbak opplyste vidare at den oppførte muren langs vegen stod litt inn på 24/3. Dette vart avklart og godkjent av tidlegare eigar av 24/3.

Ny deleline mellom 24/46 og 24/72 startar i grensepunkt 72-D (bærestolpe) og går i sørvestleg retning 25,88m til nytt grensemerke i fjell, grensepunkt 72-1, og vidare i same retning 1,50m til umerka grensepunkt 72-2 i grensa mot 24/53.

Arealet som skal overførast frå 24/46 til 24/72 er oppmålt og utrekna til 347,6 m2. Før kommunen kan matrikkelføra arealoverføringa og senda melding til tinglysing, må eigar av 24/46 ordna med pantefråfall. Partane må også fylla ut skjema "Erklæring om arealoverføring" i to eksemplar og returnera hertil.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden. Kommunen har retta opp grensene til 24/46 i samsvar med dei nymålte grensene. Når arealoverføringa er tinglyst, skriv kommunen ut nytt matrikkelbrev for 24/46 og 24/72 som vert sendt eigar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

Vegrettar: I delingsvedtaket er det sett vilkår om at 24/72 må få tinglyst rett til tilkomst over 24/46. I samband med oppmålingsforretninga er grunnboka for 24/46 og 24/72 undersøkt. Det er tinglyst "bestemmelse om veg" 15.03.1988, dagboknr 2097-1/51. For å sjå ordlyden i dette dokumentet, må ein bestilla utskrift frå Statens kartverk på Hønefoss. Dersom dokumentet dekkjer vegrett for 24/72 over 24/46 er det ikkje nødvendig å tinglysa på nytt.

På oppmålingsforretninga vart det også drøfta om arealet mellom vegen og 24/46 og 24/53 bør justerast. Dersom eigar av 24/3 og eigar av 24/46, 24/53 og 24/72 vert samde om det, kan det sendast inn søknad om grensejustering/arealoverføring.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted

Frekhaug

Dato

08.06.2017

Underskrift



<b>Vedlegg</b> (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			